

**Støy.**

Så mange nye hus som det er planlagt i Fløsvik byggefelt vil medføre auka støy i det som no er eit rolig boligstrøk, og det ville vore ønskelig med langt færre bueiningar.

**Generelt om planen:**

Grøntområder er stort sett tegna inn i det brattaste terrenget og ein kan undra seg på om det er ein klatrepark som skal etablerast.

**Infrastruktur:**

Meir hus/folk fører til meir biltrafikk. Dette vil medføre endå større belastning på Fv 391, som alt i dag er ein farleg veg for mjuke trafikkantar. Det manglar fortau på store delar av strekningen mellom Mundal og kryss i Hillesvåg.

Der det er fortau er det ikkje veglys.


Fortau og veglys frå Mundal til kryss i Hillesvåg må byggjast ut før ein set i gang ytterligere utbygging i området.

Vegen over Apalen til Hjelmås er også gang og sykkelveg til kyrkje, butikk og badeplass. Også her bør det etablerast fortau før Leiknes/Hjelmås området vert vidare utbygd.

Det er også generelt knapt med møteplassar langs vegen, og det er stort sett private avkjørsler som vert brukt til møteplasser.

Gudmund og Jenny Husdal  
Leknesvegen 177  
5915 Hjelmås

Leiknes 27/3 2015

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Gudmund Husdal', with a long horizontal flourish extending to the right.